Regionrådet for HALLINGDAL

**RESTANSELISTE VEDTAK REGIONRÅDET 2021**

| SAK | NAMN | VEDTAK | ANSVAR | STATUS |
|---|---|---|---|---|
| **07/21** | **UTFORDRINGAR I REISELIVET DRØFTING PÅ KORLEIS REGIONRÅD OG VIKEN KAN BIDRA.** | Regionrådet ønskjer ein tettare dialog med reiselivet i Hallingdal for å monitorere situasjonen og sette inn gode tiltak. Destinasjonsselskapa og dagleg leiar koordi-nerer dette.<br><br>**OK** | Dagleg leiar | |
| **13/21** | **ORIENTERING OM BARNEVERNSREFORM/ OPPVEKSTREFORM 2022** | Rådmannsutvalet får i oppdrag å koma fram til ein strategi for å møte oppvekstreforma. Strategien skal svare på korleis helsesektoren og oppvekstsektoren i kommunane skal samarbeide for tidleg innsats og korleis samarbeidet med barnevernstenesta bør vera.<br><br>**Arbeidsgruppe er nedsatt.** | RU | |
| **16/21** | **RESTANSELISTE 2016** | Regionrådet ber om at det som står att som ugjort på restanselista frå 2016 til 2020, blir effektuert av dei som har tatt på seg ansvar, og at desse restansane blir gjennomgått på regionrådssamlinga i mars.<br><br>**Gjennomgå restanseliste** | Dagleg leiar | |
| **48/21** | **EVENTUELT**<br>**Sal av kommunal fiber.** | Saka blir avgjort i kvar kommune<br><br>**OK** | R.rådet | |
| **53/21** | **HANDLINGSPROGRAMMET TIL STRATEGISK PLAN HALLINGDAL** | Regionrådet vedtek enkeltpunkta i handlingsprogrammet som er vist i tabellen på neste side, og rår kommunane til i innarbeide dei aktuelle tiltaka i sine budsjett for 2022.<br><br>**Delvis innarbeid** | | |

| | | |
|---|---|---|
| **NÆRINGSLIV** | | |
| 1 | Utgreie eit regionalt innkjøpskontor med 2-3 tilsette. Hovudoppgåver skal vera innkjøp og kontraktsoppfølging | Råadmannsutvalget har saka |
| 2 | Arrangere yrkesmesse i Hallingdal | Blir arrangert i 2023 |
| 3 | Sikre tilstrekkeleg tal på lærlingplassar i Hallingdal. Kommunane skal tilby minst 2 lærlingplassar pr. 1000 innbyggar | OK |
| **KLIMA OG MILJØ** | | |
| 4 | Få på plass ein klimakoordinator i Hallingdal | Blir jobba med.<br>Finansiering er ikkje i orden. |
| **ATTRAKTIVITET OG OMDØMME** | | |
| 5 | Innføre bu og blilyst prosjekt i alle kommunar. Dette handlar om stadsutvikling, nytilflytting, integrering, trivsel og involvering av dei som bur i dalen, mobilisering av frivillige osb. | Er i rute. |
| 6 | Vurdere innføring regionalt friluftsråd. Magnhild | Sak til kommunane? |
| 7 | Etablere ein overordna informasjons/profileringskanal for Hallingdal. (Hallingdal.no, Fritid Hallingdal, Kva skjer i Hallingdal, destinasjonsselskapa, Kommunane, regionrådet, ulike bookingsider, Jobb i Hallingdal | Prosessen starta opp<br>Finansieringa er ikkje ikkje i orden. |
| 8 | Vurdere ein stilling øyremerka profilering og drift av Hallingdal.no + sosiale medier | |
| **TENESTEUTVIKLING** | | |
| 9 | Innarbeide velferdsteknologiprosjektet i kommunane, samt få på plass ein regional ressurs | OK |

Regionrådet for HALLINGDAL

| SAK | NAMN | VEDTAK | ANSVAR | STATUS |
|---|---|---|---|---|
| 54/21 | **MANDAT TIL SAMFERDSELSGRUPPE – HALLINGDALSLØYSINGA** | Regionrådet for Hallingdal vedtek følgande mandat for samferdsleutvalet:<br>1. Samferdsleutvalet sitt oppdrag er å ta initiativ og arbeide for at Hallingdal skal lykkast for å få realisert viktige satsingar innan veg og bane.<br>2. Utvalet skal følgje opp Regionrådet sine prioriteringar og koma med forslag til mål og strategiar, inkl. kommunikasjonsstrategi.<br>3. Det er Regionrådet for Hallingdal som til ei kvar tid prioriterer satsingsområder, men utvalet kjem med forslag.<br>4. Samferdsleutvalet har, etter nærare avtale, høve til å engasjere rådgjevingshjelp om dette blir vurdert som nødvendig.<br>5. Samferdsleutvalet er ei nyordning der det vil vera rom for justering av mandat når det er gjort nærare erfaringar med ordninga.<br>6. Utvalet rapporterer til Hallingtinget 2 gonger pr. år.<br>7. Regionrådet stiller med administrativ ressurs. | REG RÅD | |
| 55/21 | **HALLINGDAL SOM SAMFERDSELSPILOT – SAMARBEID MED VIKEN** | Regionrådet for Hallingdal ønskjer å engasjere seg i dette arbeidet og vil gjera nærare avklaringar med fylkesrådsleiar Tonje Brenna.<br><br>**Ta opp på Regionrådsmøte i mars** | R.rådet | |
| 59/21 | **REVITALISERING AV HUR OG UNGDOMSRÅDA I KOMMUNANE** | Regionrådet rår kommunane til å prioritere arbeidet med ungdomsråd, både når det gjeld sekretærfunksjon administrativt, og involvering frå politisk leiing.<br>Det bør jobbast med felles retningsliner for ungdomsråda i Hallingdal og lik godtgjering for møta. Regionrådet inviterer leiarane av ungdomsråda i Hallingdal og sekretærane til felles inspirasjonssamling i Hemsedal.<br><br>**Vedtaket står. Adm. i regionrådet kallar inn til møte** | | |
| | | | | |

| RESTANSELISTE VEDTAK HALLINGTINGET 2021 | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **06-21** | **Toppidrettsregion Hallingdal.** | 1. Hallingtinget tek prosjektrapporten «Toppidrett i Hallingdal» til orientering.<br>2. Intensjonen er fortsatt å få på plass eit hovudprosjekt «Toppidrettsregion Hallingdal». Dagleg leiar blir bedt om å avklare behovet for ein regional idrettskoordinator med idrettslaga i kommunane. Vidare må det avklarast kva finansieringsordningar som ev. finst, og kva rolle Olympiatoppen og Viken fylkeskommune kan ha i eit slik prosjekt. Saka skal leggast fram for regionrådet så snart den er klar. | R.rådet | |

**RESTANSELISTE VEDTAK REGIONRÅDET 2017 -2020**

| SAK | NAMN | VEDTAK | ANSVAR | STATUS |
|---|---|---|---|---|
| **6-19** | **KOMMUNAL FIBER, FRAMTIDIG EIGARSKAP** | Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingdal kraftnett og Hemsedal energi overtek kommunalt eigd fiber i Hallingdal<br><br>**Dagleg leiar tek kontakt med Hallingdal Kraftnett for å drøfte vidare saksgang** | R.rådet | |
| **19-19** | **INNKJØPSSTRATEGI, KOMMUNANE I HALLINGDAL** | Saka blir sendt til Rådmannsutvalet for vidare vurdering, før saka blir handsama i Regionrådet 28.juni 2019<br><br>**Innkjøpsstrategi er utarbeid og vedtatt i Ål og Hol. Dei andre kommunane kan henge seg på dette. Rådmannsutvalet drøftar vidare innkjøpssamarbeid kommunane imellom.** | R.utval | |
| **38-19** | **TANNHELSETENESTA I HALLINGDAL** | Regionrådet for Hallingdal ser det som viktig at klinikkstrukturen for tannhelsetenesta i Hallingdal ligg fast og at det blir arbeid aktivt i forhold til rekruttering av tannlegar. Regionrådet for Hallingdal ynskjer dialog med tannhelsetenesta i Buskerud for å sikre framtidsretta løysingar for heile Hallingdal, og gjer gjerne ein innsats med tanke på rekruttering av tannhelsepersonell både på kort og lang sikt.<br><br>**Ordførarane ber om eit eige møte med Johan Edvard Grimstad.** | Dgl.leiar | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **50-19** | **BARNEHUS HALLINGDAL, VIDARE ARBEID** | Oppvekstleiarforum støttar Regionrådet i Hallingdal sitt arbeid med å få avd. barnehus til Hallingdal og har i brev datert 23.9 gjeve ei uttale/innspel til Regionrådet. Brev frå Regionrådet der det bli synt til brev frå oppvekstleiarforum blir sendt til justisdepartementet ved stasråd.<br>Før brev blir sendt skal det avklarast ev. møte med barnehuset i Sandefjord<br><br>**Det har vore kontakt med barnehuset i Sandefjord. Me ventar på ein evalueringsrapport som skal vera klar før nyttår. Saka kjem opp att så snart denne rapporten ligg føre.** | R.råd | |
| **04-20** | **FORSIKRING, SAMARBEID FØREBYGGJANDE ARBEID** | Regionrådet for Hallingdal rår til at 15% av kundeutbytte frå forsikringsavtale mellom kommunane i Hallingdal og Gjensidige Hallingdal frå føregåande år (2020 – 2024), blir disponert av felles forsikringsutval, til arbeid med haldningsskapande og skadeførebyggjande arbeid.<br><br>**Uaktuelt** | R.råd | |